



Tom B. Hauge  
Nordgardsvegen 191  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6137 - 14/23641

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
24.10.2014

## Utsleppsløyve - våningshus på gbnr 201/4 - Sætre.

**Administrativt vedtak. Saknr: 329/14**

**Tiltakshavar:** Tom B. Hauge  
**Ansvarleg søker:** Tom B. Hauge  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for eksisterande våningshus på gbnr 201/4 i samband med at det skal installerast WC i bustaden. Det er søkt om å reinsa utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det reinsa avlaupet vert ført til jordbruksgrøft som går vidare til Langavatnet. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 18.08.2014.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Landbrukseigedomen er i drift og det vert vurdert at tiltaket er i samsvar med plan.

#### Nabovarsel

Det er søkt om fritak frå nabovarsling då tiltaket ligg på landbrukseigedom og det er ingen naboar som vert berørt av tiltaket.

#### Uttale frå andre styresmakter:

Det ligg føre uttale frå Teknisk drift datert 22.10.2014 og frå Miljøretta helsevern datert 24.10.2014.



## **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 04.08.2014.

## **Reinsekrav**

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD 5 N PEH for nedgraving. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Reinsegrada er oppgitt til 90 % reduksjon av fosfor og 90 % reduksjon av BOF5 og stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser. Det ligg ikkje føre dokumentasjon på reinsegrad.

Delar av eigedomen ligg innanfor sikringssone for drikkevasskjelde. Avlaupsanelgget vil i sin heilskap liggja utanfor sikringssona og drenera vekk frå denne. Søknaden har vore send på høyring til eininga for Miljøretta helsevern og Teknisk drift som ikkje har merknader til saka.

## **Privatrettslege tilhøve**

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar si eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 04.08.2014.

### **Reinsekrav**

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre på vilkår av at reinsegrada vert dokumentert.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Det er søkt om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1. Søknaden vert handsama i eige vedtak. Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre naudsynt løyve etter pbl.

## **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5, vert det gjeve utsleppsløyve for våningshus på gbnr 201/4 i samsvar med søknad mottatt 18.08.2014 og på følgjande vilkår:**

- 1. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg før det vert ført i tett leidning til jordbruksgrøft.**
- 2. Anlegget skal plasserast slik vist på kart datert 04.08.2014.**
- 3. Det skal dokumenterast at anlegget har tilfredsstillande reinsegrad før det vert gitt løyve til å etablere anlegget.**
- 4. Det skal dokumenterast at det ligg føre serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest.**

## **5. Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre naudsynt løyve etter plan- og bygningslova § 20-1.**

**Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

**Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

### **Ferdigstilling**

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

### **Tilsyn, endring og opphør av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

## GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode   | Skildring             | Tal | Sum        |
|--------|-----------------------|-----|------------|
| 17.2.3 | Utslepp < 50 pe       | 1   | Kr 5 300,- |
|        |                       |     |            |
|        | Totalt gebyr å betala |     | Kr 5 300,- |

### Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunngeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6137.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND

### Mottakarar:

Tom B. Hauge

Nordgardsvegen 5915  
191

HJELMÅS